

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: **Vest-Agder**

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: **Gyland**Emne: **64.**Bygdelag: **Nuland**

Oppskr. av:

Gard: **Nuland**(adresse): **Nuland p.å**

G.nr.78

Br.nr. 5.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
f, 18/8.1882.

- 1) Det var tale om å vera ^{SVAR} feige. Det kunne vera merkje på feige folk i garden, når Kattugla gol nær husan, Likeså Stenulven (Hubroen). Det kunne og spå dødsfall, når småting la seg i kross, om strå, småpinna låg i kros på vegen og på telet, serleg om det var mange av dei, så spådde det feige folk i huset, eller garden.
- 2-9. lite kjent. 10. Å henta presten til dødsjuke, var vanleg og få presten til å beda for dødsjuke under Gudstenesta, var vanle før i tida. Troende folk vilde gjerne ha nadverd på dødslægjet.
- 11) Presten var i ornat og det vart lagt kvit duk på bordet og talgeljos tente. Det var vanleg at dei som sette seg i follow, tinga seg dette, å henta presten til Salighets betjening, og etter døden Kristsmelig jordeferd.
- 12) Var det vaksne folk, så var det vanleg at grannarne gjekk innom den døyande og tok avskjed med han, og om dei hadde høke uopgjordt, så var det tida å få det forlikt mens ein kunne.
- 13) Vaksne eldre folk sa gjerne korleis dei ynskja det i likferda, kven dei skulde beda og korleis dei vilde ha det under samværet, kva salmer dei gjerne vilde dei skulde synkja o.l.
- 14) Folk sa gjerne når dei fortalte om dødsfall, at dei he vandra, hel dei somna, eler er sløkna.
- 16.) Det er fortald om folk som hadde vore skinndøde, men eg veit ikkje om nokon i nærleiken.
- 18) Dei lukka augo, vaska og barberte ansiktet, og bandt opp haga, gjerne la salmeboka på brjostet, og folla hendene. Liket blei helst lagt på eit stort bord, så det blei strakt før det stivna til. Dei hadde gjerne likklederne ferdig, Kvite linsjorter, Eller serleg

2

sydde likvar. Sume førde på liket klæder, sokkar og under
kleder, og endå skor.

Folk arbeidde likkista heime. Grannarne hjalp til og
kista vart svart med stopper til å bera i.

Dei la gjerne høvleflis i boten av kista, som liket
låg på. Så stte dei kista på låven eller staburret til
likferdsdagen. Loket var lagt over, men laust, så det
kunne takast av. Det var vanleg at kjenningar og grannar,
fekk sjå liket mens det låg i kista, også sjølve
likferdsdagen fekk alle som ville sjå liket før dei
tok det ut. Likferdsdagen gjekk husbond kring på
garden tidleg på moranen, med brennevin og tvebbak,
skjekte husetsfok ein dram og gav dei ein tvebakk.
Presten var ikkje vanleg med i gravferder før. Det var
husbond som styrde samværet og det var einskilde karar
som var vant med dette, dei måtte kunna skikkane. Helst
vera noe av ein talar og så kunna syngja dei vanlege
liksalmerne, og mens dei som sisate verset, skulde dei
spikra loket på kista. Når dei kom til ei kjend strofa
i salma, skulde kista berast ut og stova.

Jordfestelsen vart gjordt ein søndag, når det passa fo
skyldfolket å vera tilstades. Dei grov på sjøl ved grava
og når det var gjordt, song dei ei salma og reiste på
heimvegen. Var det lang veg til kyrkja, så hadde dei mat
med seg og heldt måltid i eit hus nær kyrkja.
Det var skikk å hoista når dei for forbi gard med liket
og når dei for or garden med det. Det skulde vera merkje
på deustelek likferd, at folket hadde fenge såpass i
hovudet at dei hoista når ~~XXI~~ likfylgjet nerma sg kyrkja.

Det er fortald i mi tid, at ein mann på ein heiegard vart
förd til kyrkja utan at dei hoista. Då sa ei eoldre dotter
hans, at dei for or garden med han som det var eit anna
kretur, ikkje hoista og ikkje nokeslag.

Ein mann fortalte, at han hadde vore med i ei likferd til
ei eldte kona. Då dei kom med liket forbi garden ho var fødd,
sa mannen. Her på denne sletta lyt me standsa eigrand,
for her hev Berte vore med i mange ein dans.

Dei hadde ikkje fast gravar, men skyldfolket laut antan
få nokon til å grava eller gjera det sjøl. Ein mann på
Gyland, som lika god mat og øl, tok gjerne på seg dette
mot å vera med i likferda etterpå. Dei hermer etter han,
at ha sa, han skulde grava sålenge det døydde folk.....

Nå har me fast gravar som også grep på.

Bondekvinnelaget har skaffa eit senkeapperat. Prstan
møter nå fram i alle gravferder, og held tale i heimen,
~~XXXPAXXgavkankk~~Ved grava utfører han bare ritualet.

15662

Det mest vanlege er at gravferda gjeng frå heimen, men også frå Bedehus. ^{Me} har ikkje Gravkapel, men sume ynskje å nytta kyrkja og der vert talane ^{halane} og kransane lagt.

Før det kom oparbeidde vegar måtte folk bera kista Dei byttest til og laut kvila av og til. Me hadde ein flat stein ved veggjilet, Heggland, som heitte, Liksteinen, Der skulde dei kvila med kista. Den blei sprengt sund og nytta i muren på det fyrste hust der, som S.K. Åtland bygde år 1900 og var landhandlar der.

Dei køyrdet også kista på treslede, eller på båra som hang mellom 2 hestar.

Det var vanleg med heimebrygga øl til kring 1920, Ølskåla gjekk kring frå mann til mann, sålenge der var noe i den. Men i utgamil tid hadde dei ovstore skålær som stod på bordet, med ei lita som flaut oppi, som dei drakk av. I mi tid har det bare vore vanlege skåler, som gjekk frå mann til mann.

Det var ikkje mange som hadde flagg før 1900, men dei som hadde, heiste på halv stang når det var nære slektningar. Nå er det fleire som har flagg og det vert heist når det er kjente fork som vert gravlagt. Det er på haåv stang før gravferda, og til tops etter.

Det var gammalt sagn, at kvinner som døydde på barselseng og manfolk som fall i krig, aldtid blei salig.

Dei ringa når dei nerma sg gravplassen med lik, men ikkje etter liket var komen i jorda.

Fast gravar fekk me vel kring 1900, Dei kalla han gravar, men først dei seinste 20 åra skal han også grava på.

Før gjorde likferdsfolket det sjøl. Nå har gravaren fast komunal betaling, før ca 1900 måtte folk betala det sjøl. Dei siste 30-40 år har det vorte vanleg å ha kista kvit, med kjøpekransar. Det fyrste eg minnest, var ho svart og dei bandt kransar sjøl, om vinteren var dei av grønt mjølberris. Etter at kommunen fekk pålegg om å betala for skyss til presten, i likferd, har han jordfesta med same, Før, laut det stå ut til ein preikesundag seinare.

Det er fortald at sjølmordarar ikkje måtte gravleggjast som andre. Men i mi tid har det ikkje vore skil.

Det er sagn om at var ein mann i Lian, (Espeli) som hadde hengt seg. Det er lang veg til kyrkja, På vegen vart fylgjet einig om, at dei var kje bry vert å gå sålangt. så tok dei å grov han ned atmed eit stort tr uti skogen.

I Sakefallslistene for 1604-05, er anført:

Olluff Alfsøn på gylland for hand wdi sin Siugdom oc

4

vildelse haffuer løbet wdt och druchnet sig sekf och
hanns broder Suenndt Gyllandt Vden øfrigheds forloff
thog hannem op oc begrof hannem, gaf 10 daller.
Det var mindst 5 kyrsverd den tid.

Udøypte, men fullgåtte barn blei gravlgt som andre.
aborter, prøvte dei å få i kista til andre lik.
Likferd seier me, Begravelse er av nyare dato.
Om rusdrik i bryllupp og gravøl, gjorde det fyrste
formannskap vedtak.

"I 1838 den 30te marti vare samtlige Gylandsogns formandskab efter indbyrdes overenskomst forsmalede på gården Fedog, hvorom Fogderiet ved skrivelse af 19de denne måned var underrettet og følgende andragender blev foretagen til betenkning og overveyelse:

No 1."Ar det i dette distrikt begåes stor ødsel og overdådighed ved de store Brøllup og Ligbgjængelse, som nu for tiden er i brug. Da kan vi ikke bedre skiønne end det kunde være passelig og til nødtørftighed at det i det høieste ingen skulde have, hverken til Brøllup eller Ligbegjængelser, til hver især 1 tønde malt og 12 potter Brændevin, og så synes vi at der bør være en mulkt af ~~K~~ 10 Spd. til dette sogns Fattigkasse og 5 Spd. til angiveren af ~~XXXXXXXXXXXXXX~~ den der overtræder denne bestemmelse og når denne overtrædelse på lovlige måde er bevisliggjordt, da ved Amtets påtegning at indrives ved udpanning."

Det var faste belag, som vanleg var kalla Grannelaget. Veit ikkje om nokon serlege sermoniar ved beinga i manns minne. Men det er fortald, at ein gutt frå garden Seland i Gyland ein sundag var ved Bakke kyrkja. Der såg han ei gjenta han lika så godt. Han fekk spurt opp at ho var frå garden Skibeli i Bakke. Han sende så ein Beleemann til Skibeli. Dennetog opdraget grundig, gav seg til å spyrgja ut gjenta om ho kunne, spinna, veva og altslags husarbeid. Gjenta vart harm for denne spørringa og svara tvert og avvisande, så mannen kom heimatt utan å få hennar Jaord. Så tok guten sjøl avstad og då gjekk det godt. Ei finn dette egteparret på Seland i 180th 4de famelie Sigbjørn Ståleden husbonde 22 år, Karen Eriksdtr. hans kone, 30 år begge i 1^{ste} egtesk. Siri Sigbjørnsdtr. deres barn, 1 år.. Dei blei Oldeforeldre til Bokmannen, Hans Seland.

Sending. Det var vanlig kring 1900 at dei som gjekk til både brudlaup og likferd, hadde sennin med seg.

Det var den tid lfsa og gumme, mykje og lite etter som dei hadde råd og høve til.

Det var ikkje kjøpekransar i 1890 åra, men dei laga kransar heime, ikkje alle tok med seg kransar, men gards og skyldfolket stelte til kransar av mjølberris og markblomar. Kring 1920 tenkjer eg det vart vanleg å kjøpa likkistene og at dei var kvite med kjøpekransar på. Nå er det silkesløifer og kostbare kransar med inskrifter på. Dei dekker grava med kransar når ho er påfyllt att og der ligg dei og visnar.

Det er slutt med alkohol i gravferd og få har det i bryllupper også. Spm. 210. Det er helst påsurt mat, men er det store begravelser i heimen, så får dei middagsmat etter jordeferda. med alkoholfrie drikker atåt.

Ikkje på Hotel, men kan også vera i forsamlingshus.

212. Det vart vanleg etter 1900 å avertera dødsfall.

Kanskje det var ikkje før kring 1910-20, Det fyrste var det bare einskilde, men auka på etterkvart.

204. Det er helst slutt med sending av mat, men krans er vanleg i belaget og slektingar. Likevel er det nokre slektingar som sender blautkaket og fi kjøpemat.

Det har teke overhand med slike fine kaker. Mokkakaker og sjokoladekaker. Dei gode klinne lefser er skjeldsynte nå.